

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Nordhordland Sykkelklubb  
v/ Christer Lieske – styreleiar

Knarvik 28/1 2019

## **Søknad om tilskot til veteran NM landevegssykling**

Nordhordland Sykkelklubb har vore så heldige å få tildelt master NM (veteran NM) for landevegssykling 2019 helga 28-30. juni.

Vi har i ei årrekkje vore arrangør for Nordhordland Rundt som er eit av dei største turritta i Hordaland, og har og fleire gonger arrangert kretsmeisterskap. Vidare har klubben kvart år Tour of Norway arrangement for barn i Knarvik. Klubben ser no fram til det som vil bli vårt største enkeltarrangement sidan oppstarten. Ut frå tidlegare NM kan det forventast 3-400 utøvarar frå heile landet, samt støtteapparat.

Sjølv NM vil innehalda temporitt i ei løype som går frå Austrheim samfunnshus til Soltveit på Radøy og attende laurdag 29. juni. Deretter fellesstart i rundløypa Alversund-Erstadfjellet-Seim-Vollom-Alversund søndag 30. juni. NM vil i all hovudsak bli arrangert på dugnad. Likevel er det ei rekkje utlegg knytt til eit slikt arrangement. Dei største postane er løypevakter, MC-vakter, politi til trafikkdirigering, Røde Kors, dommarar og dommarbilar. Vidare får klubben utlegg med digital påmelding via EQ-timing, startnummer, infomateriell mm. Førebels oppsett viser om lag 150 000 i utgifter. Inntektene er heilt avhengig av kor mange deltakarar som kjem, slik at klubben sjølv ber heile den økonomiske risikoen med å ta på seg arrangementet.

Fleire lokale samarbeidspartnarar vil få dugnadsinntekter for si deltaking. Desse er Nordhordland Røde Kors på tryggleik, NAF Nordhordland med følgemotorsyklar og Sæbø skulekorps med løypevakter. Vidare har vi gjort avtale med Alver hotell om å vera ritthotell, og såleis vil ha gode inntekter av dei tilreisande.

Nordhordland Sykkelklubb er klar over at fristen for å koma med i kulturprogram for Alver er ute. Vi oppmodar likevel kommunane om å vurdere å ta veteran NM med i dette programmet. Sykkelinteressa i Nordhordland er stor. Klubben vår har om lag 200 medlemmar, og dei aller fleste av desse er å finna i Lindås, Meland og Radøy. I tillegg er heile Nordhordland eit mykje brukt område for



sykkeltrening for utøvarar frå klubbane på bysida, og det er mange som trenar sykkel her utan å vera medlem i ein sykkelklubb.

På bakgrunn av dette, tillet Nordhordland Sykkelklubb seg å søka om eit tilskot frå kulturmidlane til arrangementet. Vi håpar på positiv handsaming av vår søknad, ved spørsmål kontakt underteikna på 92615047.

Mvh for Nordhordland SK



Christer J. Lieske, styreleiar

